



Lindås kommune
Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Deres ref:

Vår ref: 16/06456-3

Dato: 27.02.2017

Kontroll av Lindås mottak 2017 – innhenting av synspunkt frå vertskommune

UDI planlegg å gjennomføre to kontrollar av Lindås mottak for einslege mindreårige i 2017. Vi vil her gjennomgå drifta av mottaket for å sikra at mottaket oppfyller dei krava som UDI stiller til mottaksarbeidet.

Som vertskommune har Lindås kommune viktige oppgåver knytta til mottaket. Vi ønskjer difor at kommunen gjev si vurdering av:

- Eiga tenesteyting overfor bebuarar på mottaket og samarbeid med mottaket
- Korleis mottaket fungerer i lokalsamfunnet?
- Eventuelle konflikhtar som bebuarane på mottaket har vore involvert i (om ein har kjennskap til slike)
- Eventuelt anna

Har kommunen hatt eigne tilsyn eller annan kontroll knytt til mottaket?

Kontrollane for 2017 skal mellom anna ha eit særskilt fokus på mottaka sitt førebyggjande arbeid og handsaming av grenseoverskridande åtfærd mot barn og ungdom. Vi tek difor gjerne i mot eventuelle relevante innspel innanfor dette området.

For kommunar med EM-mottak

Vi gjer merksam på at vi sender separate brev til skule og barnevernteneste i kommunen der vi bed om tilbakemelding på samarbeid med mottaket og synspunkt på eiga tenesteyting overfor bebuarar.

Det er svært viktig for oss å få kommunen sine synspunkt. Vi vonar difor de har moglegheit til å gi oss skriftleg tilbakemelding innan **15.03.17**.



Spørsmål i samband med denne førespurnaden kan rettast til UDI regionkontor vest ved Hilde Rusten, på telefon 40706361 eller e-post: hiru@udi.no

Med helsing

Utlendingsdirektoratet

Stig Arne Thune
regiondirektør

Hilde Rusten
rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk i Utlendingsdirektoratet og har derfor ingen signatur.

Brevet sendes kun elektronisk.

Kopi:

Norsk Mottaksdrift AS